

## Elevrådsmøtet 02.11.2023

### Desse møtte

#### 5 og 6.trinn:

Repr: Adrian

Vara: Selina

#### 7.trinn

Repr: Johannes

Vara: Alan - møtte ikkje

#### 8.trinn

Repr: Malene

Vara: Ida – ikkje kalla inn

#### 9.trinn

Repr: Isak

Vara: Sebbe – ikkje kalla inn

#### 10.trinn

Repr: Helene – meldt avbod

Vara: Torstein

Rektor Gunnlaug Olsvoll Røed

Andre som møtte: Monika Thune

**Stad:** Myldrerommet

**Tid:** kl 12.00 –13.00

SAKER

### Rutine for/praksis når det kjem nye elevar til skulen

Legge fram felles praksis/rutine når nye elevar kjem til skulen. Skulen har samordna praksisen og har framlegg til nedskrevne og felles praksis/rutine. Elevrådet har laga innspel til saka, men SMU må få saka lagt fram for seg når den er endeleg vedteken.

Rektor har ikkje hatt tid til å samanfatte denne rutinen og saka må verte teke opp igjen. Det er SU møte 15.11.2023. Er det greitt at rektor legg saka fram i det møtet?

**Framlegg til vedtak: Saka vert utgreia av rektor med bakgrunn av det som kom inn frå klassane våren 2023. Saka vert teke opp i SU 15.11.2023**

**VEDTAK: Saka vert utgreia av rektor med bakgrunn av det som kom inn frå klassane våren 2023. Saka vert teke opp i SU 15.11.2023**

### Nytt skulebygg

Modulskulen skal vere ferdig til 01.11.2023. Rektor sin tanke er at ungdomskulen flyttar inn i klasseromma så fort som mogeleg og at spesialromma (skulekjøkken ol) vert nytta så lenge vi kan. Det er i ferd med å gjere leigeavtale med Kyrkjetunet om å få ha skulekjøkkenundervisning der og med NKA om å få ha del av kunst og handverkundervisning

Frå 10.trinn: Mogeleg å ha felleslunsj i vestybylen? Om ein eller to lager kvalme, så er det desse som skal verte utesteng og ikkje heile ungdomskulen.  
Dette må ein kome tilbake til

**Framlegg til vedtak: Elevrådet tek informasjonen vidare til sine klassar.**

**VEDTAK: Elevrådet tek informasjonen vidare til sine klassar.**

## Loftskroken

Loftskroken er lite besøkt. Er det eit behov om ingen bruker det? Gjeld 7. - 10.trinn. Frå opning og fram til i dag er det 4 stk som er innom. Dette gjeld både mandagane og torsdagane.

Innspel i møtet: Ungdomane stoppar gjerne og er på Næringskafeen og går ikkje vidare til Loftskroken. Monika lurer på kva det eigentlege behovet er; andre tidspunkt, er det andre aldersgruppe som har interesse av Loftskroken, kva dagar som er ønskjeleg, anna?

Elevrådet lurer på om det er mogeleg å få til litt matsal? Monika: Det vil ikkje verte sal av snop, brus, energidrikk på Loftskroken.

Det var meir folk som kom når tilbodet var på idrettsbygget.

På mellomtrinnet var det fleire som kunne tenkt seg eit tilbod på Loftskroken. Fleirtalet når undersøkinga vart gjort vart til at Loftskroken vart eit tilbod for 7.trinn - 10.trinn.

Innspel i møtet: Spelkvelden på Skafferiet var veldig kjekt og positivt. Må likevel ikkje vere for ofte for å halde oppe interessa.

Minnar om lappar/informasjon om medlemskapet i SUL.Truleg er ikkje dette årsaken til at ikkje Loftskroken er meir besøkt.

**Framlegg til vedtak: Elevrådet tek saka vidare til sine klassar.**

**VEDTAK: Elevrådet tek saka vidare til sine klassar. Gunnlaug minnar kontaktlærer om dette**

## Informasjonssaker

1. Skulen skal prøve å få trainee-lærer skuleåret 2024-2025. Kan elevråde gje noke setningar om det å gå på denne skulen? Og då helst positive og sanne setningar. Dette kom fram i møtet: Fellesmåltid, ny skule, Gode tradisjon for eksempel: Santa Lucia med 6.trinn.
2. Totalt kr 2829,60 er betalt ut frå elevrådskontoen til 9. (kr 565,92) og 10.trinn (kr 2263,68) som er overskotet av elevbedrifta som elevane hadde skuleåret 2022 – 2024. Elevrådskontoen er nytta til overføring av pengar (inntekta) frå elevbedrifta.

## Oppfølging av saker som har vore drøfta på tidlegare møte

Ingen saker vart teken opp

## Saker frå klassens time:

### 5.trinn:

- Brev frå 3. og 4.trinn - gjeld utstyr til å leike med, og reirdisse. Vi ha sykklar til å bruke på skulen, vil ha ny vanleikdam, karusell og gynghehest.

SVAR: Sjå svaret til 7.trinn

### 6.trinn

- Vil ikkje at ungdomskuletrinnet skal kome inn og forstyrre når dei har mat og helse. SVAR: Går ut av seg sjølv no når det vert flytting

Nytt innspel Treng ein klasseball til på mellomtrinnet.

### 7.trinn

- Klassen etterlyser kva som skjer med den store dissa dei har blitt lova, og elles planane for uteområdet som dei har vore med på å utarbeide (for fleire år sidan).

SVAR:

Dissa – den må rektor prøve å finne pengar til. Kvar skal den vere...., ved bunkersen som tidlegare, slik er den teikna inn på nye teiknar. Uteområdet: Dei innspela som elevane kome med for lenge sida er teke med inn i arbeidet med å få eit nytt skulebygg. Dei som skal bygge skulen skal også lage uteområdet. Eg har ikkje fått dei nye teikningane, men har sett dei. På uteområdet vil det kome overbygd uterom der ein kan ha benkar, område med aktivitet som klatring, basket, bordtennis, ballbinge, reirdisse. Slåballområdet er sett av, men ser ut til å vere veldig lite. Skulen er lovd å få vere med på detaljutforminga.

### 8.trinn

- Sal av mat i kantina og ønskjer å vere ute i kantina i matfriminuttet og ikkje i dei små.

### 9.trinn

- Ingen saker

### 10.trinn

- Ønskjer å vere med i adventstund på Myldrerommet. Fekk vete at ungdomskulen ikkje viser respekt for dei yngste.

Ønskjer bruke idrettsbygget til aktivitet .

Svar: Det bør vi få til.

Ønskjer å vere inne pausane i det nye bygget.

Svar: Vi må sjå kva mogelegheiter som er. Utgangspunktet tenkt at elevane skal vere ute.

Generelt: Ungdomskulen ønskjer å vere saman i lunsjen, og ha det sosialt. Dei som bråkar får ikkje vere med.

Kva med 7. og 8./9 trinn som har musikk saman og korleis få øve til adventstunda. . Konsekvensane må vere individuelle og ikkje fellesstraff.

Referent Gunnlaug